



## **MØTEPROTOKOLL**

### **Kontrollutvalet**

**Dato:** 24.04.12                      **Kl.:** 10.00 – 15.00                      **Stad:** Møterom på Bømlo sjukeheim  
**Saknr.:** 18/12 – 26/12

### **MØTELEIAR**

Sonja Hellen Sele ( H )

### **DESSE MØTTE**

Georg Lønning (H)  
Kåre Habbestad (SP)  
Terje Olav Nesse (V)  
John-Kåre Torkelsen (Krf)

### **FORFALL**

Svanhild Vespestad (Ap). Det vart ikkje kalla inn vara, då fråfallet vart meldt rett før møtestart.

### **DESSUTAN MØTTE**

Dagleg leiar for Bømlo Kulturhus KF Hanne Jacobsen var med i handsaminga av sak 20/12. Rådmann Sverre Olav Svarstad og økonomisjef Jarle Nakken var med under handsaminga av sak 20/12 og 21/12. Alf Rune Sveen frå Deloitte AS var med i møtet under behandling av sak 20/12 og 21/12. Jostein Sæverud ved IT- avdelinga var til stades i byrjinga av møtet for å bistå utvalsmedlemmene i bruk av iPad. Partner Stein Ove Songstad frå Deloitte AS, haldt kurs i ”bestilling av forvaltnings- og selskapsrevisjon”. Han var også til stades under handsaminga av risikoprosess 2. Seniorrådgiver Gunnar Husabø frå Deloitte AS leia risikoprosess 2. Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet v/ Elin Molven.

## **Sakliste:**

<b>Saknr.</b>	<b>Sak</b>
18/12	Godkjenning av innkalling og sakliste
19/12	Godkjenning av protokoll frå møte 12.03.12
20/12	Årsrekneskap og årsmelding 2011 for Bømlo Kulturhus KF – Uttale frå kontrollutvalet
21/12	Årsrekneskap og årsmelding 2011 for Bømlo kommune – Uttale frå kontrollutvalet
22/12	Orienteringssaker
23/12	Meldingar
24/12	Gjennomgang av møteprotokollar
25/12	Analyse og plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 - 2016
26/12	Analyse og plan for selskapskontroll for perioden 2012 - 2016
	Ymse

## **18/12 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

### VEDTAK

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

## **19/12 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 21.03.12**

### HANDSAMING I MØTET

Under ymse var det skrive feil namn på rektor ved Bremnes Ungdomsskule. Rett namn er Hans Arnevik. Det var også to andre namn som var ukorrekt skrive. Dette var barnehagekoordinator Linda Hellen og leiar for Utval for oppvekst, kultur og idrett, Geir Ove Sele.

Det framkom elles ikkje merknader til protokoll frå møte 21.03.12.

### VEDTAK

Protokollen frå møte 21.03.12 vart samrøystes godkjend, med dei rettingane som kom fram i møtet.

## **20/12 ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2011 FOR BØMLO KULTURHUS KF – UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET**

### FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet vedtar forslag til uttale om Bømlo kulturhus KF sin årsrekneskap for 2011.

### HANDSAMING I MØTET

Dagleg leiar Hanne Jacobsen presenterte årsrekneskapen 2011 for Bømlo kulturhus KF og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet vedtar forslag til uttale om Bømlo kulturhus KF sin årsrekneskap for 2011.

## **21/12 ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR BØMLO KOMMUNE 2011 - UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET**

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet ber rådmannen om å prioritere å sette fokus på forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 11 frå Deloitte.
2. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Bømlo kommune sin årsrekneskap for 2011.

### HANDSAMING I MØTET

Rådmann Sverre Olav Svarstad og økonomisjef Jarle Nakken presenterte Bømlo kommune sin årsrekneskap for 2011 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Alf Rune Sveen frå Deloitte gjorde deretter greie for resultatet av den gjennomførte revisjonen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

## VEDTAK

1. Kontrollutvalet ber rådmannen om å prioritere å sette fokus på forbedringsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 11 frå Deloitte.
2. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Bømlo kommune sin årsrekneskap for 2011.

## 22/12 ORIENTERINGSSAKER

I dette møtet vil det verta orientert om følgjande saker innmeld frå sekretariat, revisjon og utvalsmedlemmer:

### HANDSAMING I MØTET

Nr.	Orientering frå:	Orientering angående:
1	Deloitte AS	Status Selskapskontroll <ul style="list-style-type: none"><li>• Kontrollutvalet tar til orientering at prosjektet i SIM går etter oppsett plan.</li></ul>
2	Sekretariatet	Notat til kontrollutvalet – Rutinar vedrørende melding av forfall til møta <ul style="list-style-type: none"><li>• Kontrollutvalet tar til orientering rutinar vedrørende melding av forfall til møta.</li></ul>
	Ymse	Presentasjon av kontrollutvalet i kommunestyret. <ul style="list-style-type: none"><li>• Kontrollutvalet ynskjer å presentera utvalet i fyrste kommunestyremøte etter sumarferien 2012.</li><li>• Sekretariatet tek kontakt med ordførar for å gjera avtale om presentasjonen.</li></ul>

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

## VEDTAK

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

### Orientering nr. 1: Status Selskapskontroll

Kontrollutvalet tar til orientering at prosjektet i SIM går etter oppsett plan.

### Orientering nr. 2: Notat til kontrollutvalet – Rutinar vedrørende melding av forfall til møta

Kontrollutvalet tar til orientering rutinar vedrørende melding av forfall til møta.

### Orientering nr. 3 - Ymse: Presentasjon av kontrollutvalet i kommunestyret

Kontrollutvalet ynskjer å presentera utvalet i fyrste kommunestyremøte etter sumarferien 2012.

Sekretariatet tek kontakt med ordførar for å gjera avtale om presentasjonen.

## 23/12 MELDINGAR

### FORSLAG TIL VEDTAK

Meldingane vert tekne til orientering.

### HANDSAMING I MØTET

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
15	Kommunestyret	KS sak PS 17/12 – Forvaltningsrevisjon – Vurdering av internkontrollsystemet i Bømlo kommune – Revisjonsrapport
16	Kommunestyret	KS sak PS 18/12 – Selskapskontroll – Bømlo Kommunale Eigedomsselskap AS . Revisjonsrapport
17	Kommunestyret	KS sak PS 23/12 – Lokalt rus- og kriminalitetsforebyggjande samarbeid etter SLT modellen 2012
18	Kommunestyret	KS sak PS 24/12 – Høyring av forskrift om oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorar (folkehelseforskriften)
19	Utval for Helse og omsorg	UHO sak PS 12/12 – Kompetanse- og rekrutteringsplan for Helse- og Omsorg i Bømlo kommune

20	SIM	Innkalling til representantskapsmøte den 27.4.2012
----	-----	--

Vedtak i saka var samrøystes.

#### VEDTAK

Meldingane vart tekne til orientering.

#### **24/12 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR.**

##### FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

##### HANDSAMING I MØTET

Etter sams drøfting vart det gjort slikt samrøystes vedtak.

#### VEDTAK

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

#### **25/12 ANALYSE OG PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON FOR PERIODEN 2012 – 2016**

##### FORSLAG TIL VEDTAK:

1. Kontrollutvalet godkjenner overordna analyse for forvaltningsrevisjon for 2012 – 2016 slik den ligg føre. (Evt. med dei endringar / justeringar som kom fram i møte).
2. Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 - 2016 vert å leggja fram i kontrollutvalet sitt neste møte, og det vert då lagt opp til å innstilla til kommunestyret, som skal gjera endeleg vedtak.

##### HANDSAMING I MØTET

Kåre Habbestad (SP) fekk permisjon i resten av møtet.

Planen vart delt ut i møtet.

Overordna analyse for plan for forvaltningsrevisjon, som er utarbeida med bakgrunn i prosess med kontrollutvalet i førre møte, samt intervjurunde med administrasjon og politikarar, vart lagt fram. Seniorkonsulent Gunnar Husabø og partner Stein Ove Songstad frå Deloitte AS presenterte analysedokumentet og gjennomgjekk dei aktuelle prosjekta.

Ut frå dei framlagde prosjekta drøfta kontrollutvalet kva som ville vera aktuelle å velja ut som forvaltningsrevisjonsprosjekt. Det vart gjennomført prosess med å prioritera prosjekta som skal inn i plan for forvaltningsrevisjon for komande periode. Ut frå kontrollutvalet si prioritering skal det så utarbeidast endeleg plan til neste møte.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### VEDTAK:

1. Kontrollutvalet godkjenner overordna analyse for forvaltningsrevisjon for 2012 – 2016 slik den ligg føre.
2. Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 - 2016 vert å leggja fram i kontrollutvalet sitt neste møte, og det vert då lagt opp til å innstilla til kommunestyret, som skal gjera endeleg vedtak.

## 26/12 ANALYSE OG PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL FOR PERIODEN 2012 – 2016

### FORSLAG TIL VEDTAK:

1. Kontrollutvalet godkjenner overordna analyse for selskapskontroll for 2012 – 2016 slik den ligg føre. (Evt. med dei endringar / justeringar som kom fram i møte).
2. Plan for selskapskontroll for perioden 2012 - 2016 vert å leggja fram i kontrollutvalet sitt neste møte, og det vert då lagt opp til å innstilla til kommunestyret, som skal gjera endeleg vedtak.

### HANDSAMING I MØTET

Planen vart delt ut i møtet.

Det vart gjennomført liknande prosess vedrørende plan for selskapskontroll, som prosess for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet prioriterte innan dei framlagde alternativa. Ut frå kontrollutvalet si prioritering skal det utarbeidast endeleg plan til neste møte.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### VEDTAK:

1. Kontrollutvalet godkjenner overordna analyse for selskapskontroll for 2012 – 2016 slik den ligg føre.
2. Plan for selskapskontroll for perioden 2012 - 2016 vert å leggja fram i kontrollutvalet sitt neste møte, og det vert då lagt opp til å innstilla til kommunestyret, som skal gjera endeleg vedtak.

### YMSE

#### Opplæring i bruk av iPad:

Neste møte i kontrollutvalet er sett til 16.5.12. Rådmannen vert beden om at kontrollutvalet får opplæring i bruk av iPad i første del av møtet, frå kl 09.00. Det er sett to timar til opplæringa.

#### Kurs i bestilling av forvaltnings- og selskapskontroll:

Partner Stein Ove Songstad frå Deloitte AS haldt kurs for kontrollutvalet i ”korleis laga gode bestillingar innan forvaltnings- og selskapskontrollar”.

Sonja Hellen Sele  
Leiar

Elin Molven  
Sekretær